

Arkivnr: 2018/12018-3

Saksbehandlar: Inger Lena Gåsemyr, David Aasen Sandved

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 21.08.2018 |
| Fylkesutvalet | | 30.08.2018 |

Søknad om ekstraordinær stønad til støvsanering – Stiftinga KODE kunstmuseer og komponisthjem – org nr 990 269 343**Samandrag**

Stiftinga KODE kunstmuseer og komponisthjem søker Hordaland fylkeskommune om støtte på kr. 700 000 for prosjektleiing i samband med støvsanering i museumssamlinga. Søknaden gjeld ekstraordinære kostnader skulda uhell med støv ved ombygging av KODE 1 (tidlegare Vestlandske Kunstindustrimuseum), som trugar bevaringa av museumsgjenstandane og har utsett opninga av permanente og skiftande utstillingar i KODE 1.

Totalt er ekstraordinære, ikkje driftsrelaterte, kostnader for 2018 berekna til 7 millionar kr. Beløpet gjeld prosess for reinsing av om lag 4000 gjenstandar, lokalar og himlingsplater, løysing av magasinbehov og prosjektleiing.

KODE sin årsrapport syner at 2017 var prega av høg fagleg aktivitet og gode besøkstal. Museet hadde over 250.000 besøkande og selde meir enn 150 000 billetter. Offentlege tilskot var på 80 181 600, der staten løyvde 23 350 000 (29%), fylkeskommunen 3 787 000 (7 %), og kommunen 53 044 600 (66%). Etter ei vurdering av museet sin samla økonomi finn likevel fylkesrådmannen at KODE sin økonomiske situasjon er akutt og alvorleg.

Fylkesrådmannen legg til grunn at det er viktig at Hordaland fylkeskommune bidreg til at KODE kan løyse desse utfordringane, mellom anna ved å få på plass prosjektleiing.

Økonomi: Midlane vert dekkja av Fylkesutvalet sin rådveldekontto. Som eingongsløyving vil dette ikkje binde opp framtidig økonomi eller ha andre budsjettmessige konsekvensar

Klima: Musea som samfunnsaktør i lokalsamfunnet må kunne formidle konsekvensar av klimaendringar, sett i samanheng med endringar og fornying i samfunnet.

Folkehelse: I «Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode levekår for alle» vert det lagt vekt på at kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa. Musea er ein viktig samfunnsaktør særleg knytt til arbeid med integrering, inkludering, styrking av lokal og regional identitet og frivillig arbeid.

Regional planstrategi: Musea er viktige aktørar innan forvaltning av samlingar, forskning, formidling og fornying.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr 700.000 til prosjektleiing av arbeid med støvsanering til KODE kunstmuseer og komponisthjem, org. nr. 990 269 343, frå utvalet sin rådveldekonto.
2. Fylkesutvalet meiner at statleg tilskot til stiftinga KODE kunstmuseer og komponisthjem må aukast minst tilsvarande snitt for resten av landet og ber administrasjonen sjå nærare på fordelingsnøkkelen mellom tilskot frå stat, fylkeskommune og kommune.

Ingrid Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.08.2018

Om KODE:

Stiftinga KODE kunstmuseer og komponisthjem vart etablert som ein konsolidert eining i 2006 og består av Edvard Grieg Museum, Troidhaugen, Harald Sæverud Museum Siljustøl, Ole Bull Museum Lysøen og institusjonane Bergen Kunstmuseum og Permanenten Vestlandske Kunstindustrimuseum. KODE er eit tematisk ansvarsmuseum i Hordaland.

Komponistheimane Troidhaugen, Lysøen og Siljustøl dokumenterer det kunstnarlege og profesjonelle livet til tre av Noreg sine største musikarar og komponistar. Basisen i den øvrige museumssamlinga er den kommunale kunstsamlinga til tidlegare Bergen kunstmuseum (maleri, papirbasert kunstverk, skulpturar/video/installasjonar/objekt og møblar og andre gjenstandar) og kunsthandverk- og designsamlinga til tidlegare Permanenten Vestlandske Kunstindustrimuseum (om lag 38.000 gjenstandar fordelt på møblar, keramisk arbeid, tekstilar, sølvgjenstandar/ metallgjenstandar og foto).

Bakgrunn for søknaden:

I løpet av dei seinare åra har museet gjennomført fleire større byggjeprojekt. Desse har vore nødvendige for å setje KODE sine bygningar i stand og for å leggje dei betre til rette for museumsføremål. Vidare har tryggleiken vore utfordra, jf fleire tjuveri frå Kinasamlinga i KODE 1. Etter dei siste byggjeprojekta er bevarings- og sikringstilhøva vesentleg betre enn for få år sidan. Finansieringa av byggjeprojekta har vore krevjande, og dei er finansierte med midlar frå institusjonen sjølv, løyvingar frå stat, fylkeskommune og kommune og med private gåver.

I 2017 ferdigstilte museet det førebels siste store prosjektet, ombygginga av KODE 1 (tidlegare Vestlandske Kunstindustrimuseum). Bygget sin 4. etasje vart gjort tilgjengeleg for publikum, 1. etasje gjeld endringane inngangsparti og oppdaterte lokalar til restaurant og butikk. I tillegg vart det installert studiemagasin, for å vise ein større del av museet si samling utanfor ein utstillingskontekst. Byggeprosjektet var ikkje fullfinansiert, og eit underskott på kr. 3,2 millionar er aktivert i museet sin balanse.

I november 2016 vart det konstatert eit støvutbrot som følgje av betongsaging. Mellom 3000 og 4500 museumsgjenstandar som var lagra i utstillingssalane i 2. og 3. etasje i KODE 1 vart dekkja av betongstøv. Støvet har vidare lagt seg oppe på om lag 1200 kvm himlingsplater og inne i lokala.

Prosjekt «Støvsanering»

Støvet vil gjere uoppretteleg skade på viktige deler av samlinga i KODE. Både gjenstandar og dei lokala som er råka må difor reinsast så snart som råd. Samla sett er dette eit omfattande og uføresett tiltak.

Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) har levert planar og kostnadsoversyn for dei nødvendige tiltaka: Gjenstandar må reinsast og konserverast, ein må organisere mellombels lager, transport, ekstra vakthald m.v slik at gjenstandane kan fraktast ut av salane før desse vert vaska ned. Det må setjast opp nye himlingsplater og belysning. Desse romma skal takast i bruk til planlagde utstillingar. Det skaper trong for nye magasin for gjenstandar som ikkje stillast ut. Museet vil så langt det er mogleg søke å etablere magasinløyvingar innafor museet sine eigne bygg, men dette vil krevje frigjering og tilpassing av areal. Reinsing av gjenstandane er særleg risikofylt, dels på grunn av den kjemiske samansetjinga av støvet og dels på grunn av potensialet for uopprettelege skade på gjenstandane under arbeidet.

Eiga prosjektleiing skal styre prosessen med å få tømt utstillingssalane for gjenstandar som er ramma av betongstøv, få desse reinsa, dokumentert, registrert, forsvarleg pakka og permanent magasinert, slik at ein unngår at gjenstandane vert plassert tilbake i provisoriske magasin.

Oppsummert budsjett for støvsanering

Frigjering av egne areal og tilpassing av disse til magasin: kr. 2,5 millioner
 Ny himling og belysning: kr. 1,8 millioner
 Prosjektledelse NIKU: kr. 0,7 millioner
 Reinsing av gjenstander: kr. 1,8 millioner
 Totalt: kr. 6,8 millioner

NIKU har gjeve tilbod om prosjektleiing til kr. 700 000. KODE søker Hordaland fylkeskommune om ekstraordinær støtte til dette.

Vurdering:

KODE sin årsrapport for 2017 syner at året var prega av høg fagleg aktivitet og besøkstal. Museet hadde over 250 000 besøkjande og selde over 150 000 billettar. Offentlege tilskot var på kr 80.181.600,- der staten løyvde 23 350 000 (29%), fylkeskommunen 3 787 000 (7 %), og Bergen kommune 53 044 600 (66%).

Offentleg statistikk og evalueringar frå dei seinare åra, jf Norsk kulturråd og Hordaland fylkeskommune, viser at KODE leverer til overmål gode resultat. Museet har gjennom ei rekkje år vore det museet i Hordaland som har høgast besøkstal. Vidare forvaltar institusjonen viktige samlingar i nasjonal og internasjonal samanheng, produserer særmerkte utstillingar og er fagleg anerkjent langt utanfor landegrensene.

Til liks med andre museum er økonomien krevjande. Både behova for nødvendig sikring og istandsetjing av bygningane og pensjonsforpliktingane har sett driftsøkonomien under kraftig press. KODE arbeider systematisk for å betre økonomien på kort og lang sikt. Det er mellom anna innført stopp for oppretting av nye stillingar og ein gjer utstrekt bruk av vakansar der etablerte stillingar vert ledige. For arbeidet med støvsanering omdisponerer museet etablerte stillingsheimlar, slik at samlingsforvaltning vert tilført meir ressursar. Museet sine framtidige planar og aktivitet speglar også den trange økonomien.

Offentlege tilskot er ei viktig inntektskjelde for musea. Den normative fordelingsmodellen for konsoliderte museum vart vanlegvis praktisert slik at staten står for 60%, medan resten av dei offentlege løyvingane vert fordelte mellom fylkeskommune og kommune. For KODE sin del er det Bergen kommune som bidreg med mest. Som del av oppfølging av evaluering av museumsreforma vert det arbeidd med å sjå nærare på fordelinga av offentlege tilskot mellom stat, fylkeskommune og kommune, jf. saksframlegg handsama i Fylkesutvalet, PS 105/18, den 03.05.2018, samt saksframlegg som omhandlar statlege tilskot til dei konsoliderte musea i Hordaland, handsama i Fylkesutvalet, PS 140/2018. Det er og i samarbeid med Bergen kommune og dei konsoliderte musea, sendt brev til Kulturdepartementet om dette. Brevet er lagt fram som referatsak. KODE hadde i 2017 eit driftsunderskot på 4,9 millionar. Den negative eigenkapitalen er ved byrjinga av 2018 på kr. -14,5 millionar. Ansvar og pliktar knytt til pensjonar er bokført med kr. 16,6 millionar.

På grunn av KODE sin akutte og alvorlege økonomiske situasjon har fylkesrådmannen forståing for at det er krevjande å løyse støvsaneringa utan at det vert tilført ekstra midlar. KODE opplyser at museet sitt forsikringsselskap dekker kostnader som gjeld støvreinsing av sjølve objekta, men ikkje leiing av prosjektet. Utan ekstra midlar vil difor avgjerande prosessar stoppe opp. Fylkesrådmannen innstiller difor på at Hordaland fylkeskommune løyver midlar i samsvar med søknaden.

Fylkesrådmannen meiner vidare at saka set KODE attende som museum av di viktige delar av samlinga er truga. Ettersom støvet gjer at utstillingssalane i KODE 1 ikkje kan brukast vil dette på sikt kunne få negative konsekvensar for talet på vitjande og museet vil ikkje vere i stand til å oppfylle samfunnsoppdraget sitt like godt som forventa.

KODE har søkt Kulturdepartementet om 2,2 millioner i støtte til hastetiltak for støvsanering. Søknaden er p.t. ikkje handsama.

Bergen kommune har i 2018 gjeve ekstraordinær løyving på kr 7 mill etter søknad frå museet. Beløpet må sjåast i samanheng med fjorårets underskott, auka driftskostnader på KODE 1 og likviditetssituasjonen. Berre delar av løyvinga vil kunne nyttast til støvsanering. For meir informasjon, sjå vedtak og saksframlegg med søknad handsama i Byrådet i Bergen kommune i møte 28.06.2018 sak 1167/18, vedlegg til saka.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 700.000 til prosjektleiing av arbeid med støvsanering til KODE kunstmuseer og komponistheim, org. nr. 990 269 343.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet meiner at statleg tilskot til stiftinga KODE kunstmuseer og komponisthjem må aukast minst tilsvarende snitt for resten av landet og ber administrasjonen sjå nærare på fordelingsnøkkelen mellom tilskot frå stat, fylke og kommune til museet.